

Vår dato: 12.03.13
Dykkar dato: 25.02.13
Vår ref: 1184619-1-1
Dykkar ref: NVE 200801334-17,
200904547-13,
201003452-12, 201102452-12,
201208166-3,
200902797-4 ksk i biwi og dkj



NVE
Postboks 5091 Majorstuen
0301 OSLO
e-post: nve@nve.no

HØYRINGSFRÅSEGN TIL KONSESJONSSØKNAD FOR HØGELIDA KRAFTVERK I VÅGSØY KOMMUNE

Vi viser til Dykkar brev av 25.02.2013 med spørsmål om nettsituasjonen for nye konsesjonssøkte kraftverk i Vanylven og Vågsøy kommunar. Av dei opplista kraftverka er det berre eitt av kraftverka som ligg i SFE Nett sitt konsesjonsområde. Det gjeld Høgelida kraftverk i Vågsøy kommune.

Vi har følgjande kommentar til situasjonen i sentralnettet og i lokalt nett vedkomande planar for Høgelida kraftverk: Den 01.04.09 vart det sendt eit brev til NVE frå Statnett i samarbeid med SFE Nett og Istad Nett om situasjonen i sentralnettet i mellom Ørskog og Aurland. I brevet er det gjort greie for den anstrengte situasjonen i sentralnettet i Sogn og Fjordane. Konklusjonen er at det ikkje kan tillatast at det blir tilkopla meir ny produksjon i nettet mellom Aurland og Ørskog enn dei kraftverka som hadde fått konsesjon før brevet var sendt og motteke av NVE. Statnett har, i samråd med SFE Nett, bestemt at alle kraftverk som måtte få konsesjon frå NVE etter den nemnde datoen, vil få beskjed om at tilkopling til nettet ikkje kan tillatast før sentralnettet er opprusta og overføringskapasiteten er auka. I praksis betyr dette at den nye 420 kV linja frå Sogndal til Ørskog med nødvendig transformering til 132 kV må vere etablert. Dette vil då også gjelde for nettilkopling av Høgelida kraftverk.

Konsesjon for den nemnde 420 kV linja med transformatorstasjonar mellom anna i Moskog og i Ålfoten-området er stadfesta av OED og bygging av anlegga er i gang. Nødvendige tiltak i sentralnettet er planlagt gjennomført i løpet av 2015. Det er knytt noko usikkerhet til tidspunktet for driftsklare anlegg.

I eksisterande distribusjonsnett lokalt er det kapasitet for det aktuelle kraftverket

Høgelida kraftverk ligg an til å bli tilknytt Bryggja transformatorstasjon, som i dag har transformering 66/22 kV. Transformatoren har kapasitet for å motta innmating frå Høgelida kraftverk slik det framgår av konsesjonssøknaden.

Anlegg for nettilknytning, frå kraftverket og fram til eksisterande 22 kV nett, vil bli eigd av kraftverket og vere kraftverket sitt ansvar. SFE Nett har i mange høve bygd slike anlegg for nettilknytning i medhald av eigen områdekonsesjon, der byggekostadane har blitt vidareført til utbyggar av kraftverket.

Som det framgår ligg det til rette for at nettkapasitet vil kunne stillast til disposisjon for Høgelida kraftverk. Vi vonar at vi hermed har fått gjort tilfredstillande greie for nettsituasjonen for det planlagde kraftverket. Dersom De har spørsmål til utgreiinga ovanfor, kan De ta kontakt med SFE Nett.

Med helsing
SFE Nett AS

Reidar Hope
Seniorrådgjevar

.....Kraftfull og nyskapande med lokale røter.....

Sogn og Fjordane Energi AS

Bukta, 6823 Sandane
Telefon: 57 88 47 00
Telefaks: 57 88 47 01
Org. nr.: 984 882 092
Bankkonto: 84808503696
E-post: post@sfe.no

SFE Kraft AS

Bukta, 6823 Sandane
Telefon: 57 88 47 00
Telefaks: 57 88 47 01
Org. nr.: 984 882 076
Bankkonto: 84808503718
E-post: post@sfe.no

SFE Nett AS

Bukta, 6823 Sandane
Besøksadr. Hamregata 1, Florø
Telefon: 57 74 61 00
Telefaks: 57 74 61 01
Org. nr.: 984 882 114
Bankkonto: 84808503726
E-post: post@sfe.no

SFE Produksjon AS

Bukta, 6823 Sandane
Telefon: 57 88 47 00
Telefaks: 57 88 47 01
Org. nr.: 984 882 106
Bankkonto: 84808503734
E-post: post@sfe.no